



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE TYS DAG 24.09.19 KL.18-20

Tilstade: Jan-Arild Anda (FAU), Torill Bøylestad (FAU), Inghild Versland (FAU), Margareth S Roba (Pedagogisk personal), Margrete Fuglestad (vara for Aghdas Paya), Elin G Eskedal (Anna personal), Mia Trones Einarsen Elevrepresentant), Aron Forngren Thorstvedt (Elevrepresentant), Åslaug Å Grude (vara for Kjersti O Salte) og Sylvia Gjersdal (rektor)
Forfall: Kjersti O Salte (Hovudutval Barn & Unge) og Aghdas Paya (Pedagogisk personal)

Sak 01/19-20 Konstituering av Driftstyret og Skulemiljøutval

- Leiar Driftstyret og Skulemiljøutval: Jan-Arild Anda
- Nestleiar Driftstyret og Skulemiljøutval: Margareth S Roba
- Foreldrerepresentant/FAU: Torill Bøylestad, Inghild Versland og Jan-Arild Anda
- Pedagogisk personal: Margareth S Roba og Aghdas Paya (vara: Margrete Fuglestad og Gro Jeanett Birkeland)
- Anna personal Elin G Eskedal (vara: Sissel Håland)
- Elevrepresentant/Elevrådsstyret: Leiar Mia Trones Einarsen og rullerande medlem + eit ekstra rullerande medlem ved skulemiljøutval.
- Hovudutval Barn & Unge: Representant ikkje fastsett enno
- Rektor : Sylvia Gjersdal

Vedtak: Driftstyret vart konstituert.

Sak 02/19-20 Godkjenning av referatet frå 11.06.19

Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 03/19-20 Møteplan for Driftstyret 19-20

Forslag:

Tysdag 24.09.19 kl. 18.00-20.00

Onsdag 20.11.19 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Onsdag 04.02.20 kl. 18.00-20.00 **(NB! Endra til 05.02.20)**

Onsdag 01.04.20 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Torsdag 11.06.20 kl. 18.00-20.00

Vedtak: Planen vart vedteken, med endring til 05.02.20.

Sak 04/19-20 Utviklingsplanen for Kleppe skule 2018-2020, revidert juni 2019

Til orientering, sjå vedlegg.

Planen vart teken til orientering.

Sak 05/19-20 Økonomi og budsjett



Orientering om økonomi så langt 2019 og budsjett 2020.

Skulen har eit stort meirforbruk og kjem ikkje til å koma ut i balanse ved årsslutt. Meirforbruket skyldes auka lønsutgifter personal pga auka elevbehov som har ført til ekstra bemanning.

Sak 06/19-20 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet

Elevråd: Fellessamling 23.09.19, Kakesalg, talentiade 24.01.19 elevrådsmøte, TL.

FAU: Hatt eit møte, ca halvparten nye medlemmer. Ny leiar. Arbeidsgruppe Partnerskap mot mobbing og lesegledekomitè. Vore på alle foreldremøta og informert. Ønsker å vere synlege. Samarbeida med skulen vedr foreldrekontaktmøte.

Skule/SFO: Utbygging, uteområdet, skulestart, Fagfornyinga(nye læreplanar) Tverrfagleg arbeid, Tidleg Innsats-møte ein gong i veka og tverrfagleg gruppe.

Hovudutvalet: Tidleg Innsats, nye skular, utbygging av skular, nytt hovudutval skal setjast. Jærskulevedtaket.

Sak 07/19-20 Partnerskap mot mobbing

Planar for 19-20. Alle sa litt om kva dei ser føre seg for dette skuleåret.

Komitè Partnerskap mot mobbing Kleppe skule

Krins - her må vi gjere eit godt arbeid for å få alle med, involvering. Få med alle frivillige, invitere breiare, eks ta med moskeen.

At alle prøver å gjer det bra (Elevrådet)

FAU: Flytte fokus frå negativt til positivt. Kanskje heller gleding? Invitere til Gledingsdag?

Tips: Utekino, fellessamlingar?

Vidare: Alle tek denne saka i sin organisasjon.

Diskusjon kring namnet Partnerskap mot mobbing. Vi tenker dette er eit litt tungt og negativt lada namn, Kan vi heite noko anna? Vaman kom vi fram til dette namnet:

Saman om eit trygt og godt nærmiljø

Vedtaket: Partnerskap mot mobbing Kleppe skule skifter namn til: Saman om eit trygt og godt nærmiljø. Vi ønsker å ta med dette inn i krinsen, kanskje vi kan endre namn i krinsen og?

Klepp kommune, 24.09.19

Referent

Sylvia Gjersdal

Rektor